


Handlingsplan mot mobbing for Oltedal skole

§9a-1: *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

§9a-3: *Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.*






Handlingsplanen skal vera:

Førebyggjande: *Førebyggjing av mobbing skal vera det berande prinsipp og skal rettast mot heile skolemiljøet og ha fokuset mot kva som skaper eit godt psykososialt miljø. Skolen skal følge med på om mobbing skjer.*

Avdekkjande: *Ved avdekkjing av mobbing har skolen aktivitetsplikt og vil gripe inn, varsle skoleleiinga og undersøkje mobbesaka grundig.*

Problemløysande: *Gjennom aktivitetsplikta vil skolen setje i verk tiltak og arbeide med desse heilt til eleven igjen opplever det psykososiale miljøet som trygt og godt.*







Førebyggjande arbeid:

Oltedal skole sitt årshjul for førebyggjing jfr Oppl. § 9a-3


Når	Tema/aktivitet	Ansvar
August	- For alle i personalet går ein gjennom opplæringslova kap 9a og skolen sine retningslinjer/rutinar i samanheng med lova. - Fokus på felles omgrep og at ein er kjend med rutinar. - Ein går gjennom organisering av vaktordning for heile personalet. Klassane skal og vera kjend med vaktordninga. - Elver, via elevråd, seier noko om kvar i skolegården mobbing og plaging foregår. På denne måten kan vaktordning styrast etter dette. - Ein går gjennom rutinar for handtering av fråver. (eigen plan for dette).	Rektor
	- Fokus på klasse – og skolemiljø i klassane. - Aktivitetsleiarane startar med friminuttaktivitetar. - Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar) - Plan for livsmestring i skolen for ung.trinnet. (sjå eigen plan)	Kontaktlærer Oppvekstkoordinator
	- Ein går gjennom ordensreglement i personale og i klassar. - Ein ser ordensreglement opp mot interne klasseromsreglar og skolen sine grunnleggjande verdiar.	Rektor Kontaktlærer
	- Samarbeid klassekontaktar – kontaktlærer. Lærer har ansvar for å ta kontakt med klassekontakt til det første foreldremøte om hausten. Klassekontakt skal vere med på å leggje til rette for miljøfremjande tiltak for klassen på fritida. Det blir delt ut eige informasjonsskriv om forventningane vi har til klassekontaktrolla. - Eit av fokusområda i skole/heimsamarbeid skal være samarbeid om elevane sitt skolemiljø jfr Oppl § 9a-3. Hjelp til sosialt og miljøfremjande tiltak både på skole og i fritid er med på å byggja eit godt psykososialt miljø.	Rektor Kontaktlærer
	Fadderordning på 6. og 1. trinn blir starta.	Rektor Kontaktlærer på 1. og 6.trinn.
	- Elevrådsmøte – fokus på rolle og mandat. - Tema: Elevane sitt skolemiljø skal vere i fokus. Elevane skal involverast i arbeidet med skolemiljøet. - Val av elevrepresentantar til skolemiljøutvalet.	Rektor og elever. Elevrådskontakt.




September	Info om Skolemiljøutvalet sine mandat og roller.	
	- Etablering av FAU. Gjennomgang av roller og mandat. - Tilgang og veiledning på ordensreglement og retningslinjer jfr Oppl. kap 9a. - Fokus på trivselsfremjande aktivitetar gjennom skoleåret på klassenivå og skolenivå. - Val av representantar til Skolemiljøutvalet.	Rektor og FAU
	Foreldremøte – fokus på skolemiljøet. Individretta og systemretta info (reglar, rutinar, rettar, foreldresamarbeid og gjensidige forventningar, etc) Tema for foreldremøte på Oltedal skole er utarbeidd eigen plan.	Rektor Kontaktlærer
	Elevundersøkinga skal gjennomførast på 6.-10.trinn og resultata skal brukast som grunnlag for skolen sitt arbeid med skolemiljøet i personalet, elevrådet, FAU og skolemiljøutvalet. Dersom undersøkinga avdekkjer problem, passar skoleleiinga på at dette blir arbeida med i alle ledd vidare.	Rektor og kontaktlærer
	Statusmøte 1: Utfordringar knytta til 9a blir lagt fram for skolesjef i samanheng med tertialsamtalane. Elles vil det vera samtalar mellom skolekontor og skoleleiing ved behov. Ein skal drøfta tiltak.	Skolesjef Rektor
	Miljøfremjande tiltak: Saueskilljing , Limagarden (fisking), vennegrupper	Kontaktlærer/ koordinator for opplegget
	- For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse. - Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing
Oktober	Elevsamtalar og miljøkartlegging (fagleg og sosialt). Dersom samtalane avdekkjer vanskar, set ein inn tiltak.	Kontaktlærer (v/ behov - Rektor)
	Foreldrekonferansar	Kontaktlærer
	Relasjonskartleggingar på team	Kontaktlærarar
	Talet på brot (og innhold) brudd på kapittel 9a vert lagt fram for skoleeigar og skolemiljøutval etter behov.	Rektor



	- For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse. - Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing
November	Statusmøte 2: Utfordringar tilknytta 9a blir lagt fram for skolesjef i samanheng med tertialsamtalane. Elles vil det vera samtalar mellom skolekontor og skoleleiing ved behov. Ein skal drøfta tiltak.	Skolesjef Skoleleiing
	Gjennomgang og analyse av elevundersøkinga. Setje inn tiltak ved behov.	Skoleleiing
	Gjennomgang og drøfting av §9a i plangruppa	Skoleleiinga
	- Fellessamlingar for 1.-7. klasse med fokus på sosial kompetanse. - Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing
	☐ Gjennomføring av Klassetrivsel.no	Kontaktlærarar
Desember	<u>Miljøfremjande tiltak:</u> - Juleverkstad - Juleavslutning 1.-7.klasse - Juleball 8.-10.klasse	Lærarar
	- For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse. - Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing
Februar	Statusmøte 3:Utfordringar knytta til 9a blir lagt fram skolesjef i samband med tertialsamtalane. Elles vil det vere samtalar mellom skolekontor og skoleleiing ved behov. Ein skal drøfte tiltak.	Skolekontor Skoleleiing
	Samtalar med alle elevar på 3.trinn.	Helsesøster Sosiallærer
	Fokus på grundige prosessar i overgang barnehage – skole, barneskole – ungdomsskole og ungdomsskole – vidaregåande.	Styrarar, rektorar, PPT, foreldre, kontaktlærarar
	For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse.	Kontaktlærer og skoleleiing




	o Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	
	o Annakvart år utarbeider elevrådet eiga undersøking angående mobbing på Oltedal skole	Elevråds- kontakt og elevar
Mars	<u>Miljøfremjande tiltak:</u> o Påskeaktivitetar 1.-4.klasse	Kontaktlærer
	o Elevsamtalar og miljøkartlegging (fagleg og sosialt). Dersom samtalan avdekkjer vanskar, set ein inn tiltak	Kontaktlærer
	o Foreldrekonferansar	Kontaktlærer
	o Statusmøte 3:Utfordringar knytta til 9a blir lagt framfor skolesjef i samband med tertialsamtalane. Elles vil det vera samtalar mellom skolekontor og skoleleiing ved behov. Ein skal drøfta tiltak.	Skolekontor Skoleleiing
	o For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse.	Kontaktlærer og skoleleiing
April	- o For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse. - o Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing
	- o Samarbeid klassekontaktar – kontaktlærer. Lærer har ansvar for å ta kontakt med klassekontakt til foreldremøte om våren . Klassekontakt skal vera med på å legge til rette for miljøfremjande tiltak for klassen på fritid. - o Nye klassekontaktar og representantar til FAU skal veljast.	Kontaktlærer
	• Relasjonskartlegging på team	Kontaktlærarar
	☐ Gjennomføring av Klassetrivsel.no	Kontaktlærer
Mai	o Overgang barnehage – skole (i egne rutinar).	Rektor
	o Foreldremøte nye 1. trinn: Informasjon om skolen sitt system og rutinar(organisering, rutinar fag og miljø, etc).	Rektor Kontaktlærer
	o For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse.	Kontaktlærer og skoleleiing



	o Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	
	<u>Miljøfremjande tiltak:</u> o Tine-stafett	Lærarar
	o Fellesaktivitet: Pilå	Kontaktlærer og 7. klasse
Juni	<u>Miljøfremjande tiltak:</u> - o Idrettsdag /aktivitetsdag. - o Innsamlingsaksjon annakvart år. Vert knytta opp mot aktivitetsdagen.	Rektor Lærarar
	o Årsvurdering av IOP	Faglærer
	- o For kvar avslutning av verdifokuset i sosial kompetanseplan er det fellessamling for 1.-7. klasse. - o Zippys venner 1.-4.kl(program som styrker barns sosiale ferdigheter og utvikler mestringsrepertoar)	Kontaktlærer og skoleleiing





Avdekkjande og problemløysande arbeid:


Denne delen av handlingsplanen er delt inn i fem nivå. Dei ulike nivåa representerer ei gradvis opptrapping frå skolen si side i forhold til handtering av saker kor elevar ikkje har det bra på skolen. Saker som ikkje blir løyst på eit nivå, blir tatt med vidare til neste.

NB! I alle saker skal det skrivast referat frå møter som blir avholdt. Det er òg viktig å loggføre datoar og tidspunkt for ulike typar samtalar.

Ev. kontakt med media skal henvisast til rektor.

NIVÅ 1:


Nivå 1	Kva:	Korleis:
1	Informasjon mellom lærar og føresette ang elevar som: - har opplevd ei einskild hending som ikkje var bra - slit med eiga åtferd t.d. uro/kontakt med andre.	Det blir gjennomført munnlege samtalar som løyser saka umiddelbart.
2	Samtale med eleven/elevane.	- Undersøking av saka. - Finn ei løysing på problemet saman med eleven/elevane. - Skriv eit notat frå samtalen og legg i eleven si mappe.
3	Informasjon til føresette	Informør om kva tiltak skolen har sett i verk for å ordne opp i saka.




NIVÅ 2:

Dette nivået trer i kraft når saka ikkje løyser seg ved munnleg samtale/tiltak.

Nivå 2	Kva:	Korleis:
1	Informasjon til leiinga.	Ein frå skolens leiing skal vere kontaktpersonen til den læraren som skal handtere mobbesaken.
2	Samtale med eleven/elevane som blir mobba.	- Undersøking av saka. - Kven er det som mobbar? - Kva er det som skjer? - Kor er det dette skjer? - Samtale med mobbar/mobbarar. (sjå innhald for desse samtalane i kollona nedafor) - Forsikre eleven/elevane om at ho/dei ikkje skal måtte tåle krenkingar. - Understreke at skolen har nulltoleranse for mobbing. - Forsikre eleven/elevane om at saka skal bli tatt på alvor, og at saka skal handterast raskt. - Gi informasjon om vidare saksgang. - Skriv referat frå samtalane og legg i elevmappa.
3	Samtalar med eleven/elevane som mobbar.	- Gi eleven/elevane ei beskriving av situasjonen. - Ver tydeleg på det som er observert. - Ver tydeleg på kva rolle eleven/elevane har. - Gi eleven/elevane mulighet til å uttale seg om situasjonen. - Ver tydeleg på at krenkingane må STOPPE. - Gi eleven/elevane tydeleg beskjed om kva for oppførsel som er forventa. Eleven/elevane må få 2-3 tydelege arbeidsoppgåver som skal gjerast. - Ver tydeleg på skolens nulltoleranse. - Ver tydeleg på at ein vil følge nøye med. - Gi føresette informasjon om samtalen. - Skriv referat frå samtalane og legg i elevmappa.
4	Samtale med føresette til offer og mobbar/mobbarar. Lærar må vurdere kva slags kommunikasjonsform som vil fungere best.	- Informere om: - Kven som mobbar? - Kva er det som skjer? - Kor er det dette skjer? - At du har hatt samtale med mobbar/mobbarar. - Forsikre føresette om at eleven/elevane ikkje må tåle krenkingar. - Understreke at skolen har nulltoleranse for mobbing. - Forsikre føresette om at saka skal bli tatt på alvor, og at saka skal handterast raskt. - Gi informasjon om vidare saksgang.




		• Oppdater referatet.
5	Vidare undersøkjing av saka.	• Snakk med voksne som jobbar rundt eleven til dagleg. • Gi informasjon til kollegiet på skolen. (be om observasjonar) • Ver på jakt etter fakta.
6	Lage aktivtetsplansplan	• Lærar lagar aktivitetsplan. Bruk mal • Rektor skal vere informert om innhaldet i planen.
7	Samtale med mobbeoffer og informasjon til føresette.	• Informere eleven kort om samtane som er gjennomført. • Forsikre eleven om at krenkingane er STOPPA. • Informere om at dei andre elevane får tett oppfølging. • Informere føresette til eleven om det som er gjort.
8	Oppfølging av eleven som er blitt mobba. Bruk skjema for oppfølgingssamtale .	• Spør eleven korleis dei siste vekene har vore. • Korleis har tiltaka fungert? Burde noko meir gjerast? • Samtale med elev og føresette. Skjema for oppfølgingssamtale brukast som referat. Lagrast i elevmappa.
9	Avsluttande møte med mobbarane	• Gi ros for endring av åtferd, og kommuniser fortsatt forventning om god åtferd. • Gi uttrykk for at skolen fortsatt vil følge med på elevane sitt samspel. • Minne om arbeidsoppgåvene til kvar enkelt. • Informere føresette. • Gjennomgå evalueringsskjema.
10	Evaluering av tiltak i aktivtetsplan. Bruk evalueringsskjema .	• Gjennomgå evalueringsskjema. • Evalueringsskjema brukast som referat. Lagrast i elevmappa.




NIVÅ 3:

Dette nivået trer i kraft når mobbesaker ikkje sluttar.

Nivå 3	Kva:	Korleis:
1	Informasjon til skoleleiinga	- Kontaktlærer møter skoleleiinga for å informere om saka. - Rektor (skoleleiinga) overtar saka i nært samarbeid med kontaktlærer og sosiallærer, helsesøster eller andre eksterne instanser. Dialog med barnevern og psykisk helse.
2	Samtale med eleven/elevane som blir mobba.	- Undersøkje (kven, kva, kor, korleis...) Få tak i kva for konkrete hendingar som gjer at saken fortsetter. - Igjen forsikre eleven/elevane om at han/ho ikkje skal måtte tåle krenkingar. - Igjen forsikre eleven om at skolen skal handtere denne saka raskt, slik at det blir slutt på dei vonde opplevingane.
3	Samtale med føresette til offer og mobbar/mobbarar.	- Informere om: (kven, kva, kor, korleis...) - Igjen forsikre føresette om at skolen tar saka på alvor. - Igjen understreke at skolen har nulltoleranse for mobbing og andre typar krenkingar. - Igjen forsikre føresette om at skolen skal handtere denne saka raskt, slik at det blir slutt på dei vonde opplevingane. - Invitere til handteringsprosess på skolen.
4	Ny aktivitetsplan	- Rektor lagar aktivitetsplan i samarbeid med lærar - Bruk mal. Lagre planen i elevmappa.
5	Innkalling til foreldremøte	- Avtale møte på skolen med dei elevane som er involverte og deira føresette. Be om at begge føresette møter. - Møtet må avholdast så snart som mulig. Seinast innan ei veke etter at hendinga er meldt inn. - Husk å formidle agendaen for møtet.
6	Førsamtale med mobbeofferet og føresette.	- Kort informasjon om agendaen for kvelden. - Informasjon av dei ulike tinga som skal skje. - Roe ned eleven og dei føresette.
7	Gjennomføring av foreldremøtet.	Informasjon til alle parter i fellesskap - Fortelle agendaen for møtet. - Kort informasjon om mobbing og konsekvenser av



		mobbing. - Kommunisér skolens nulltoleranse for mobbing og krenking. - Beskriv den aktuelle saken. - Møtet må vere tydeleg styrt av rektor. Det må ikkje gis høve til å drøfte om saken er alvorleg eller ikkje.
8	Samtale med dei elevane som krenker/mobber (ein og ein)	- Ver tydeleg på kva som er observert. - Ver tydeleg på kva som har kome fram i undersøkinga av saka. - Ver tydeleg på at skolen har nulltoleranse for mobbing og krenking. - Trekk fram dei forventningane som vart gitt til eleven ved forrige samtale. Ver undrande på kvifor krenkingane ikkje har stoppa. - Gi eleven mulighet til å uttale seg. - Igjen ver tydeleg på at krenkingane må STOPPE. - Gi eleven nokre tydelege forventningar som skal arbeidast med. - Skriv referat/notat og legg i elevmappa.
9	Samtale med offer og føresette	- Forsikre eleven og føresette om at krenkingane skal vere slutt. - Ver tydeleg ovanfor eleven/elevane om at ingenting skal tålast. - Ver tydeleg ovanfor eleven/elevane på at det må seiast ifrå dersom krenkingane skjer igjen. - Gi føresette høve til å komme med innspel på aktivitetsplan og handteringsprosess. - Informér eleven om at skolen vil følge godt med på samspelet mellom elevane.
10	Oppfølging av offer og den/dei som har krenka.	- Korleis har dei siste vekene vore. - Kva har fungert/ikkje fungert? - Kommunisér skolen sin holdning. - Gi ros om det har skjedd positive endringar. - Informasjon til føresette om oppfølgingssamtalen. - Gjennomgå evalueringsskjema. Brukast som referat og lagrast i elevmappa.




NIVÅ 4:

Elevar som ikkje oppfører seg på ein god måte treng tett oppfølging av skolen. Dersom enkelte elevar fortset med krenkingar etter handtering i nivå 2, må skolens sosiallærar tre endå meir aktivt inn i saka og gjennomføre DROP-IN samtalar.

DROP-IN samtalen: Den samtalen skal inneholde ein beskrivelse av eleven sine gode kvaliteter, situasjonsbeskrivelse og kva for konkrete bekymringar kontaktlærar har ovanfor eleven/elevane som ikkje oppfører seg som forventa. Det som kjem fram i samtale mellom sosiallærar og kontaktlærar skal danne grunnlaget for den vidare praten mellom sosiallærar og elev.

Meininga med samtalanane er at eleven skal få justert åtferda si slik at denne blir som forventa i samspelet i kvardagen mellom medelevar og lærarar. Hyppighet og varighet på samtalanane kan variere, men som ein hovudregel bør dei første møtene vere hyppige.

Nivå 4	Kva:	Korleis:
1	Innkalling til koordineringsmøte.	- Rektor kallar inn kontaktlærar og sosiallærar til koordineringsmøte om den aktuelle saka. - Gjennomgang av sakens historikk. Kva tiltak skal iverksetjast? - Gjennomgang av DROP-IN.
2	Samarbeidsmøte mellom skole og heim.	- Rektor tar kontakt med føresette til alle som er involverte. - Informasjon om situasjonen. - Innkalling til samarbeidsmøte v/behov.
3	Drøfte, og bli enige om tiltak. (leiinga, sosiallærar og kontaktlærar)	- Rektor kan iverksetje nødvendige tiltak (aktivitetsplanen) for å sikre eleven som blir utsett for krenkingar. - Rektor drøftar nødvendige tiltak. - Isolering kan vere eit aktuelt verkemiddel.
4	Oppfølgingssamtale med eleven/elevane som er blitt krenka.	- Forsikre eleven/elevane om at skolen tar tak i situasjonen. - Informere eleven om kva for umiddelbare tiltak som blir iverksett for å gjere situasjonen betre.
5	DROP-IN samtale med eleven/elevane som fortsatt mobbar	Kontaktlærar informerer sosiallærar om bekymringane rundt eleven som ikkje klarar å oppføre seg. Eleven skal vere tilskodar til denne samtalen.
6	Mobber/mobbarar gjennomfører	Eleven som krenker skal få regelmessig oppfølging



	DROP-IN samtaler med sosiallærer.	av sosiallærer. 3-5 samtaler er eit minimum. • Gjennomgang av skolens forventningar til eleven. • Gi eleven høve til å snakke om si eiga rolle. • Gi eleven høve til å reflektere rundt si eiga rolle. • Kontaktlærer og rektor får saman med føresette informasjon undervegs i prosessen.
--	-----------------------------------	---

NIVÅ 5:

Elevar som over tid behandlar medelevar på ein dårleg måte, og som ikkje klarer å justere åtferda si etter oppfølging frå skolen, treng kanskje meir hjelp enn det skolen klarer å gi.

Nivå 5	Kva:	Korleis:
1	Innkalling til samarbeidsmøte	• Innkalle føresette til eleven/elevane som krenker til eit samarbeidsmøte. • Ytre sin bekymring for åtferda til eleven/elevane. • Gjennomgang av tiltak som er iverksett fram til nå. • Føresette får komme med sine innspel. • Be om å få drøfte saken i utvida ressursteam. (kalle inn alle relevante faginstansar)
2	Drøfting av sak i utvida ressursteam.	• Drøfting med namn eller anonymt. (føresette avgjer) • Drøfte vidare handtering. - Isolering? - Utvisning? - Klassebytte? - Skolebytte? - Bekymringsmelding til barnevernet?
3	Iverksetje tiltak.	• Rektor drøftar tiltak saman med kommunalsjef. • Rektor kallar inn føresette og elev for å informere om tiltak. • Eleven og føresette får høve til å kome med innspel til tiltaka.